

SAKSPAPIR

HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL NY LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER, FORSLAG TIL NY FOLKEHELSELOV OG NASJONAL HELSE- OG OMSORGSPLAN (2011-2015).

Dokumentinformasjon:

Saksbehandler:	ArkivsakID: 10/2126	Avgjerast av: F
Håvard Overå	JournalID: 11/278	
Tlf: 70 16 20 35	Arkiv: K2-F00	
E-post: postmottak@alesund.kommune.no		

Politisk behandling:

Organ:	Møtedato:	Sak nr.
ÅLESUND FORMANNSKAP	17.01.2011	008/11

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.01.2011	Utkast til Samordna høyringssvar frå ÅRU-kommunane.doc	412810
07.01.2011	Forslag til lov om kommunale helse- og omsorgstenester.pdf	418527
07.01.2011	Utkast til lov om folkehelsearbeid.pdf	418528

Utrykte dokument i saka:

1. Helse- og omsorgsdepartementet: Høyringsnotat Forslag til ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/horing2/horingsnotat.html?id=621191>)
2. Helse- og omsorgsdepartementet: Høyringsnotat Forslag til ny folkehelselov
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/horing1/horingsnotat.html?id=621030>)
3. Helse- og omsorgsdepartementet: Samandrag av høyringsgrunnlag for Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015): "Framtidas helseteneste: tryggleik for alle"
(<https://fremtidenshelsetjeneste.regjeringen.no/last-ned-sammendragene-som-pdf/>)

Saksopplysingar:

Helse- og omsorgsdepartementet sende den 18. oktober 2010 ut på høyring forslag til ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester som erstattar dagens kommunehelsetenestelov og sosialtenestelov; og forslag til ny folkehelselov som erstattar lov om fylkeskommunens oppgåver i folkehelsearbeidet.

Dette er to store dokument som til saman er på 680 sider. I tillegg har dept. på sine nettsider lagt ut mulegheit for alle innbyggjarar til å gi høyringsuttale på Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015): "Framtidas helseteneste: tryggleik for alle" direkte til departementet (<https://fremtidenshelsetjeneste.regjeringen.no>).

Høyringsfrist for alle tre forslaga er sett til 18. januar 2011. Kommunane har gjennom ÅRU bedt om utsett frist mellom anna pga at denne høyringa kjem midt i kommunane sin budsjettprosess og at ein ikkje får handsama høyringsuttalen i dei rette politiske forum så tidleg på nyåret. Men departementet har svart nei til dette.

Den 13. desember arrangerte ÅRU eit dialogmøte for alle Sunnmørskommunane og representantar frå m.a. Helse Sunnmøre HF med tittelen "Ny kommunerolle – Samhandlingsreforma vert konkretisert". Her vart det avtalt at ÅRU skulle utarbeide eit utkast til felles høyringssvar og sende det til alle kommunane på Sunnmøre innan nyttår. Kommunane ville då få tid til ev. å handsame det felles høyringssvaret innan høyringsfristen.

Dei ÅRU-opptnemnde medlemmane og varamedlemmane i Administrativt samhandlingsutval, jf. Samhandlingsavtalen mellom Sunnmørskommunane og Helse Sunnmøre HF, skulle lage eit utkast til felles høyringssvar. Eit arbeidsmøte vart halde 21. desember der Liv Stette, Håvard Overå, Kjetil Fylling (Sula), Dag Flackè (Sykkylven) og Vegard Austnes (ÅRU) møtte. Til dette møtet hadde ÅRU også fått skriftlege innspel frå Ålesund, Skodje, Ørskog og Ulstein kommune. På møtet tok ein utgangspunkt i høyringssvaret som KS Møre og Romsdal hadde utarbeidd, men ein gjorde også nokre endringar/tillegg. Den 23. desember sende ÅRU utkast til felles høyringssvar til alle Sunnmørskommunane.

Det har også vore eit arbeid i gang med dette internt i Ålesund kommune. Kommuneoverlege Vingen har hatt ei intern arbeidsgruppe som har sett særskilt på det nye forslaget til Folkehelselov. Einingsleiar Overå har teke initiativ til og fått innspel til forslaget til lov om kommunale helse- og omsorgstenester frå verksemdleiarane for VH HT-Blindheim, VH Aktivisering og velferd, VH Barn og unge-ytre bydelar og frå medarbeidarar i rådmannsstaben.

Den politiske handsaminga i Ålesund kommune

På grunn av den tidlege høyringsfristen får Ålesund formannskap saka til endeleg vedtak. Ålesund eldreråd får saka til uttale i møte 12. januar, og vedtaket derifrå vert lagt fram i formannskapsmøtet. Saka går berre som melding til Helse- og velferdskomiteen i møte 27.1.2011, sjølv om det ut i frå saksinnhaldet er denne komiteen som skulle ha handsama høyringsuttalen. Saka går også som melding til Rådet for likestilling av funksjonshemma sitt fyrste møte i år den 1. februar og til Bystyret sitt fyrste møte i år den 10. februar.

Vurdering:

Dei to nye lovforslaga og utkastet til Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 – 2015 legg grunnlaget for framtidige kommunale funksjonar på områda helse og omsorg, og er ein del av

Stortinget sin Samhandlingsreform. Det er såleis det lovmessige grunnlaget for eit stort og mangfaldig kommunalt tenesteområde departementet no ber om høyringsuttale på.

Med det store omfang denne saka har, vert det berre dei store linjene og hovudpunkta i forslaga som ein kan gi høyringsuttale på. Det er også vanskeleg å uttrykke seg bestemt om ein del viktige prinsipp i høyringsutkasta, både om ansvars-/rolledeling mellom kommune og helseføretak og kommunal økonomi, fordi viktige detaljeringar fyrst vert avklart gjennom forskrifter som kjem etter at nye lover er vedtekne.

Rådmannen har gjort ei avveging av kor detaljert høyringsuttalen frå Ålesund bør vere. På den eine sida har høyringssvaret mest tyngde om alle kommunane som er med i ÅRU-samarbeidet uttalar det same. På den andre sida vil då ein del moment som er påpeikt i kommunen sin interne prosess ikkje kome fram.

Økonomiske konsekvensar:

Høyringssvaret vil i seg sjølv ikkje føre til økonomiske konsekvensar.

Juridiske konsekvensar:

Ingen

Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:

Ingen

Konklusjon med grunngjeving:

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at Ålesund formannskap sluttar seg til utkastet til felles høyringsuttale slik den er utarbeidd gjennom ÅRU.

Rådmannens innstilling:

Ålesund formannskap sluttar seg til den felles høyringsuttalen slik den er utarbeidd i ÅRU.

Formannskapets vedtak

17.01.2011

Som rådmannens innstilling.

Votering:

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.